

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **16. november 2016** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiding av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad (Ap), Jørn Hansen (Uavh.) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen.
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor /partner Else Holst-Larsen, Deloitte AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordfører Tormod Våga (Sp) og kommunalsjef tenester Ingunn Toft
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 20/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.09.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.16 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 21/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF TENESTER

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tek kommunalsjef tenester Ingunn Toft si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.16:

Kommunalsjef Ingunn Toft innleia med at endringa frå tre til to kommunalsjefar nå har fungert i snart to år. Ho fekk då, i tillegg til skule/barnehage, også ansvar for helse/pleie/omsorg og har no 6 leiarar som rapporterer månadleg.

Innan helse er det 5 årsverk inkl. lege. Dei har venta med handsaminga av interkommunal legevakt til det er ei avklåring i dei store kommunane. I dag har 8 bebuarar langtidsplass og 1 korttid på sjukeheimen og 17 brukarar er i heimane sine. Det har vore høgt press, men no nokre betre. Nye omsorgsbustader for 10 er under planlegging, kor 6 vil vere for demente. Dei har slutta med delt langvakt, og håpar det vil føre til betre arbeidsmiljø og lågare sjukefråvær. Vidare vil dei slutta med innleie av sjukepleiarar i ferietida, då det no er betre tilgang og kompetanse for sjukepleiarar.

Innan kultur er den ny hallen opna, Bokn Arena. Barnetallet går ned og har medført reduksjon av stillingar med 5 årsverk (3 mill.kr). Samordning av klasser fungerer bra, og er ikkje berre økonomisk tinga. Budsjettet vil bli justert som følgje av avtale med Bokn Bufellesskap snart vert endra. Ny plan for betre psykososialt skulemiljø vil bli utarbeida.

Ved barnehagen er det god plass (30 born på 45 plassar) og god dekning av førskulelærarar. Ho avslutta med at dei hadde mange utfordringar framover, men at ho syntest det var «ein kjekke kommune å jobba i». Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Bokn kontrollutval tek kommunalsjef tenester Ingunn Toft si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 22/16 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2016

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2016 for rekneskapsrevisjon og presentasjon frå revisor til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.16:

Revisor viste til vedlagt plan som viser korleis revisjonen legger opp sitt arbeid. Rekneskapsrevisjon er styrt av lovar og reglar. Dei har avtale om interimrevisjon no i haust og årsoppgjersrevisjon ville finne stad til våren. Dei driv såkalla risikobasert revisjon, dvs. at revisor går god for at det ikkje er vesentlege feil. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2016 for rekneskapsrevisjon og presentasjon frå revisor til orientering.

SAK 23/16 VAL AV NYTT PROSJEKT – TINGING AV PROSJEKTMANDAT

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.16:

Sekretær innleia og viste til at kommunestyret hadde gjort vedtak i plansakene kvelden før. Vedtaka var i samsvar med kontrollutvalet si innstilling. Det var i møtet ikkje lagd fram noko framlegg til endring eller nye prosjekt. Ho viste også til kommande samarbeidsavtale mellom Bokn og Karmøy om nye tenestemråde, som gjeld tekniske tenester. Utvalet var samd i at dei ville fortsatt gå for prosjektet som var sett øvst i planen: «Plan, byggesak og eigedom». Ordførar støtta utvalet i deira val.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Plan, byggesak og eigedom» til neste møte.

SAK 24/16 MØTEPLAN FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:
onsdag 15.02, 31.05, 06.09 og 15.11 kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.16:

Utvalssekretær orienterte om framlegg, spesielt om fristane for rekneskapen til våren og lovpålagd formannskapshandsaming i etterkant av kontrollutvalet. Utvalet var samd i å flytte møtet i mai fram til måndag 22.05.16, slik at det blei ei betre tilpassing. Elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:

onsdag 15.02, måndag 22.05, onsdagane 06.09 og 15.11 kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 25/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.11.16

38. Statusrapport pr. november 2016
39. Samarbeidsavtale om tenester mellom Bokn og Karmøy, iverksett frå 01.01.17.
40. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 57/16 – Plan for selskapskontroll 2016- 2020
41. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 58/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
42. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 59/16 - Oppfølging av rapport – post/arkivrutiner
43. Invitasjon – Haustkonferansen 2016 – Forum for kontroll og tilsyn – Sandnes 17.11.16
44. Innkalling- repr.skapsmøte 01.12.16 – HIM IKS

45. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
46. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon – 10 kommunar på Haugalandet
47. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttalelse til NOU: 4 Ny kommunelov
48. Deltaking/påmelding - NKRF sin Kontrollutvalskonferanse Gardermoen 01.– 02.02.17

Handsaming i kontrollutvalet 16.11.16:

Sekretær gjorde greie referatsakene. Ordfører og Jørn Hansen refererte frå kommunestyret dagen før. Ingen hadde høve å delta på Haustkonferansen i Sandnes neste dag.

Utvalet ønskte at alle tre medlemmene kunne delta på konferansen i februar. Ordførar gav sitt samtykke til det. Deltakarane ordnar sjølv flybillett. Utvalet hadde elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Referatsakene 38 - 48 blir tatt til orientering.

Utvalet har, med ordføreren sitt samtykke i møtet, høve til delta på NKRF- konferansen i februar 2017. Medlemmene meldar si interesse til sekretær for påmelding.

Eventuelt

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **15. februar** kl. 17.00.

Bokn, 16. november 2016

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)